

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 49

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Volda.

Emne: Lauving.

Bygdelag:

Oppskr. av: Erik Lurén Halvåtn. Gard:

(adresse): Austefjorden, Lummevåre, G.nr. 59. Br.nr. 8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eia røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): f. 1880.

Austefjorden. Gardbrukar.

SVAR

A. Lauv som heve vore rispa av Freda hev eg arbeidd ^{med} då eg var smågut i 1890 åra og fram til hundreårskjifte, og bruket til grisemat. I dei tider vart det ikkje kjøbt serlig kraftfor åt grisen, han måtte grise seg med det som voks på garden, havre og byggnjøl, poteter og fiskeavfall og unnsle restar frå kjøkenet.

Det lauv som vart rispa var aln, osp, hatt. Lauve måtte vere tørka under tak så det var grønt å fint. Det vart fylt opp i sekke og vart heimkjært å lagt på sengjubudloftsgolve med god gjennomtrekk. Løve og glas måtte apnast så det var god igjennomtrekk, og av å til smedde vi i lauv så det vart pent tørka. Eg hjalpste min far med det arbeidet.

1. Ja, i dei bygder som heve noko lausskog å mindre slattemark, dei lauver noko. Dei bygder som heve nokk slattemark lauver ikkje mykje. Her i våre bygder lauver vi ikkje mykje no, det brukte vi i min ungdomstid, men vi er og slutta med

å avla korn, det var så mykje regn og dårleg tørkegrunn i september, men eg vover det verte likeare når vi får kjøpe Skurtrusken. Lauve er rekna for bra hjelpefor.

2. Fyrt slåtten eller kring (Jonsoke.) Eg heve vore med å kjerva mykje lauv, det må brukast munda det er friskt - også etter slåtten og så må det brukast under Fuke. Det er lauvving.
3. I vår bygd nyttar vi lauv av Bogn, Ore, Osp Bjørk og Slagle, og skjærer det av med Sigd eller tjå. Rispe av lauv med hand brukast ikkje no, det var imin far og bestefars tid.
4. Ja, dei verte hogde ned. Almstuv var verdfull i gamle dage og var då brukte, og vi hadde en del av dei i utmarka. Nå vi risper ikkje lauv av Fredå i våre dage.
5. Dette spørsmål kan eg ikkje svare på, det hev ikkje vore brukt her elle andre stader på Sunnmøre.
6. Det vart kjært himn på sledeføret om vinteren i januar for botskafiskja byrja, og vart kjært samen med høyet. Risten av spørsmålet kan eg ikkje svare på. Ingnad hev ikkje vore brukt i vore bygder på dette arbeide. Kvindfolk bar ikkje nake lauv.
7. Ja. Det er ikkje dell. Har folk - kvinner og born hjelper til med dette arbeide, slike som det pasar. Far sjøl tek bork å nava av bjørkene som er felte elle saga ikoll, dei andre skar av lauve å batt lauvkjiv, eg hev brukt ^{det} slike sjolv, å slike brukte min far å bestefar det.
8. Vi brukar å lauve når det er fint veir og doggfril, kjøyre laukjerva himn um kvelden til loda, og røyse dei upp kring Løderveggjene

- til forking. Det er Saudene som ette lauv til middag. Ljeste og kjyr og ette lauv men ein hve ikkje so mykje lauv. Kor mykje lauv på kvart dyr vit eg ikkje.
9. Det er godt alt lauv berre det "godt" stelt, å skote i rette tid, kring (St. Hans.)
10. Nei, Almelaav til "grisen" rispa vi etter slatten meda det inno var grønt å fint, å samla det i sekkar.
11. Det var ikkje brukt i våre bygder, men det kanhende dei brukte det slik på Larve i Skjæstadalen i Hjørundfjorden, dei hve skogen isamen til brennevid.
12. Det vit eg ikkje.
13. Det var etter som dei hadde folketiljelp. Born var også med å hjelpte til det dei kunne, men det var no helst å skrape seije dei likte, når papa tok borken av bjørkastamma.
14. Ja, vi brukte bjørkelaav, men også orvelaav, ospelaav og hatelaav.
15. Nei, det var ukjendt her.

B. Laav som rakes sammen på bakken.

1. Alt det laav som her omtalast, mytter vi ikkje til kryttermat på våre bygder, det eg vit. Vi kallar det "rakelaav."
2. Vi raka sammen alt det laav vi trengte, å brukte det berre til strøelse under krøtara, særleg griser å Kalvar. Lauve raka vi ut hagen, og prydtred som stod her og der.
3. Vi raka det med "handrive" å tek det med hundene å "fyller det i sekker."
4. Det vart kjært eller borte på ryggen.

5. Ja, det var hellst det.
6. Det lauv som her omløst, var det ikkje så nøye med, det kunne stå i sekken til ein brukte det, det var raka ihop i fine vira, å tolde å stå i loda i sekka.
7. Rakelauv brukte ikkje vi til foring, det gjek til strølse under dyra, å vart til gjøssel. Det vart særleg brukt til strølse under griser å kalvar.
8. Nei, rakelauv brukte vi ikkje til foring. Det høve fopt seg mykje i verdi etter det er nedfaldt, og er ikkje vore brukt, det eg veit.
9. Rakelauv kan vel nyttast til naudfor, til sötpe åt griser, å hestar som ikkje er i arbeid, men då må ein ha mjöl, dersom ein ikkje hev høvelegt mjöl til det so et (et) ikkje dyra det.

Eg ser at disse spørsmål hev kjeme istand i 1948, å nærma seg snart 10 år sida. Men tida forandra seg med bruksmåtar. nu. Etter kvart gardbrukarane griier å bygge nye fehus - fjösar å löde - so er det "Sementen" som no rår, gardbrukarane kappast um å gjera det så praktisk som mulig - med lit. hjelp, å dei som hev gamle lödehus å fjösar, sementhera golva so vatne renne i vaskummen så dyra ligge fott å fint. Mud gjöslinga er det no greiddt med å kjöpe når det vorte forlit.

Her er no Traktor på garden, den bringe svingarom, så hev her vore over-utskjiftning i haust so her er nok av forandringar å kostnad. Löda vår er no kring 100 år, det hev vore mange forandringar bere eg kan minnst.

Helsing frå Erik Sivertson Halvatn.